

## Flaum gjorde stor skade

■ **VIK:** Natt til torsdag melde ein hytteeigar til politiet at ei elv hadde teke nytt løp ved Øksdal i nærleiken av Vangsnes i Vik kommune. Elva hadde gjort stor skade på ein kommunal veg i området og hadde gjort noko skade på hytta til meldaren.

## Sivertsen tilbyr sine tenester

■ **HØYANGER:** Har du problem med PC-en, eller treng du hjelp til å starte og drive din eigen nettstad? I så fall kan Erik Bjørge Sivertsen i Bjordal vere rett mann å kontakte.

Sivertsen har etablert sitt eige enkeltpersonforetak. Han kan også hjelpe bedrifter med bruk av Facebook og Twitter, og han vil reparere og selje brukt IT-utstyr.

## Rusa mann sov på benk

■ **FLORA:** Kring klokka 11 torsdag vart ein mann i 20-åra henta av politiet frå Firda Billag i Flora, der han i rusa tilstand sov på ein benk. Mannen nekta å gje opp personalia til politiet og var lite samarbeidsvillig. Etter kvart fekk politiet namn og fødselsnummer, og mannen vart dimittert etter at han hadde vedteke førelegg for forholdet.



IDYLL: Ein får håpe at været viser seg frå si beste side beste side, når veteranbåtane inntek Flora.

Foto: Tove Natvik

# Veteranane inntek Florø

**FLORA:** Den 5. – 8. august inviterer foreininga «Atløys venner» til ei langhelg spekka med veteranrøyret-øy både til lands og til sjøs.

IDA BERGITTE HUNDVEBAKKE tekst

Fjordsteam er eit fjordabåtsteme, men i tillegg til dei 44 veteranbåtane og mannskapet som til saman tel 450 personar, får Florø også besøk av 150 veteranbilar, 12 veteranbrannbilar og 10 veteranbussar.

– På torsdagen vert det offisiell opning, med pomp og prakt. Det vert også sommarrevy på kvelden, med gruppa «HippHipp Flora», seier arrangementsleiar Sander Ødelien.

### Frå slips til lefse

På fredagen vert det høve for folk å reise ut på boljan blå, og besøkje distriktet rundt Flora.

– Her vert det sju ulike dags-

## ■ Kan freiste med breitt program på Fjordsteam

### FJORDSTEAM

- Arrangert frå 5. til 8. august
- Detaljert program på [www.fjordsteam.no](http://www.fjordsteam.no)

turar, folk kan delta på for ein billig penge. Det vert ulike aktivitetar, alt etter kva tur ein vert med på, alt frå slipsmuseum til lefsebaking. Vi har utfordra grendelaga på dei ulike stadene til å finne eit opplegg for dei som kjem på besøk, fortel Ødelien.

### Veterantransport

På laurdagen er det klart for torgdag i Flora sentrum. For lokale folk som ynskjer å vitje treffet, er dette særleg å anbefale, ifølgje Ødelien.

– Her vert det mellom anna historisk brannutrykking, Bondens marknad og mange veteranbilar. Folk bør komme hit for

å slappe av, sjå på dei fine båtane og nyte livet.

For dei som ynskjer å overnatte i Florø, og det på ein litt særigen og maritim måte, går det an å leige lugar i fleire båtar.

– Eg anbefalar spesielt MS «Sandnes», som var kjend som ein veldig luksuriøs båt på 50-talet.

### Fryktar ikkje underskot

Heile arrangementet er dugnadsstyrt og har eit lite budsjett, men Ødelien er ikkje bekymra for å gå i minus, som fleire andre arrangement i fylket har gjort i år.

” Vi ser på Fjordsteam som eit gåve til byjubleet frå «Atløys venner»

Sander Ødelien

– Vi har slite litt med å få inn pengar, men næringslivet i Florø har støtta godt opp. Budsjett på 170 000 kroner, men det er nok til å unngå underskot.

Vi ser på Fjordsteam som ei gåve til byjubleet i Florø frå «Atløys venner», seier Sander Ødelien.

[ida.hundvebakke@firda.no](mailto:ida.hundvebakke@firda.no)

## Tilbyr lokalprodusert øl

Som ein del av Fjordsteam, produserer Kinn Bryggeri eit eige øl til arrangementet.

– Dette er eit friskt og letttdrikkeleg øl, som passar for dei fleste. Det er ein mellomting mellom dei to hovudgruppene av øl vi har, over- og undergjæra øl. Det var vanleg å produsere slikt øl på Vestkysten av USA på 1800-talet, og då vart det brukt gjæringskar, som liknar dei vi har her på Kinn Bryggeri, fortel Espen Lote ved bryggeriet.

Øltypen heiter dampøl på

norsk, og det nye ølet har fått namnet «Dampen»

– Namnet har røter tilbake til mange av dei gamle fjordbåtane. Treffet får besøk av fleire av desse, så vi folte dette var eit passende namn, seier Lote.

«Dampen» vert å få kjøpt fleire stader under arrangementet.

– Det vert selt på dei serveringsstadene som til vanleg sel ølet, og i eit eige telt nede ved hamna. Det er også nokre båtar som har loyve til å selje øl, i tillegg vil vi ha ope bryggeri nokre av dagane der vi kjem til å ha eige ølutsal, fortel Lote.